# Uskedalen - ei veldig samla bygd

10.12.2015




Tor Bringedal med eit nytt historisk verk

**Uskedalen er sett utanfrå ei veldig samla bygd, nokon vil kanskje seia navlebeskuende.**

**Det var eindel av karakteristikken som lokalhistorikar Tor Bringedal kom med då han ikveld kåserte om den siste boka si i Gamleskulen. No har han teke for seg dei 20 åra frå 1965 til 1965 medan han med den fyrste boka si ga eit oversyn over tida frå 1837 til 1945, Den nye boka er mykje betre strukturert enn den fyrste, held Bringedal fram Samla sett er bøkene eit stort løft som som saknar sidestykkje i Kvinnherad.**

I kåseriet kom Bringedal mellom anna inn på kraftutbyggjinga si omskiftelege historie og opplyste at den faktisk vart berga av tysk økonomi. Skuleutbyggjinga var ein annan hovudbolk i kåseriet og Bringedal kom mellom anna inn på kampen om kvar ungdomsskulen skulle liggja.

Valghistoria var ein tredje bolk og her kom historikaren inn på det som skjedde i1955 då ein usedeling som stemte i Kristiansand utløyste omvalg prega av dramatikk,

Bringedal minte ellers om at valdeltakinga har vore låg i alle år i kmmunen, Med omayn til aksjonar under val har det ikkje vore heftige oppgjer her sidan 1956

Tekst, foto og nett. Ola Matti Mathisen